



Akvator AS
Kunnskapshuset Sæ 132
5417 STORD

Dato: 29.08.2014
Vår ref.: 2014/17618-11
Saksbehandlar: vigberg
Dykkar ref.:

Oppstart områderegulering og detaljregulering - Bjånes - Os kommune - Fråsegn etter synfaring

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevernet.

Vi viser til Dykkar brev av 10.06.14 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vår fråsegn i saka av 26.06.14. med varsel om ei synfaring i planområdet.

Arkeolog frå Hordaland Fylkeskommune har vore på synfaring i det gjeldane arealet. Det vart ikkje sett synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi av nasjonal eller regional interesse under synfaringa. Det er ikkje trong for ei ytterlegare markundersøking i planområdet.

Hordaland Fylkeskommune har ingen vidare merknader på noverande stadium i planprosessen.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Vigdis Berge
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.